



**SOGN OG  
FJORDANE**

# Uttale NFF Sogn og Fj. Storhall på Skei

06.09.2018



## Storhall på Skei

NFF Sogn og Fjordane laga 21.04.17, etter førespurnad, ei behovsvurdering/utgreiing av hallen på Skei. Skrivet inneheld ein del klare føringar, tilrådingar og atterhald i høve prosjektet.

Vi registrerer at NFF Sogn og Fjordane ved einskilde høve er tatt til inntekt for prosjektet utan at desse atterhalda kjem fram, og at vi i eit estimert driftsbudsjett presentert for fylket er lagt inn med leige på rundt 300 000 kroner.

Utan at dette skal påverke saka vidare, vil vi understreke at selektiv bruk av informasjon og å operere med driftsinntekter vi ikkje har lovt, er uheldig.

### **NFF Sogn og Fjordane som leigetakar**

NFF Sogn og Fjordane går ikkje inn faste leigeavtaler med hallar eller idrettsanlegg. Vi hentar derimot inn tilbod og vurderer kost/nytte tiltak for tiltak. I dag er det fleire klubbar som legg kostnadsfritt til rette for kretsen sine aktivitetar innan t.d. spelarutvikling.

Utgangspunktet er at ein halleigar må sikre driftsinntekter og basisfinansiering gjennom lokale avtaler med klubb, naboklubbar, skular, akademi/FFO og liknande. Utleigeverksemd (uansett til kven) er ein bonusaktivitet.

Ei viss inntekt gjennom kretsen sine aktivitetar vil det vere, men det kan variere frå nokre få- til mange tusen kroner ut frå trendar, nye tiltak og aktivitetar komande år. Det kan vere at kretsen involverer seg i vinterseriar og liknande, men då **må Jølster IL** ha lokale krefter som drifrar og legg til rette for tiltaka. Kretsen driv ikkje klubbtiltak.

### **Økonomisk fundament**

NFF Sogn og Fjordane gav i rapporten datert 21.04.17 råd om at Jølster IL på eige initiativ, lagar ei behovsanalyse, basert på sesong, treningstimar, kamptimar og eventuelt andre brukstimar. Dette er ei vanleg øving, for å synleggjere behov og potensielle leigeinntekter. Kretsen har ikkje fått tilbakemelding om at eit slikt arbeid er gjort.

Ei kjent problemstilling er at nye og fine anlegg gjerne aukar driftskostnadane til klubben, og klubben må vurdere økonomisk bæreevne, og evne/vilje blant medlemmar til å etablere auke betalingsvilje kring treningsavgift og liknande i byte mot betre fasilitetar. Elles må kommunen vere villig til å betale. Kostnadsbilete vil sjølvstekt henge saman med korleis hallen blir finansiert, og om klubben i framtida skal **hefte økonomisk for lån, leige etc.**

### **Lokalisering**

Ein hall på Skei er i eit fylke,- eller i regionperspektiv det mest ideelle i høve reisetid og geografi, ut i frå eit synspunkt om at hallen i hovudtrekk skal basere seg på utleige, men mykje anna spelar inn.

### **To ulike utgangspunkt**

a) Hall over noverande bane på 92x58 meter

b) Ordinær storhall med storleik 64x100 (68x105 Sogndal stadion)

**Ein hall over noverande bane** vil ikkje ha nasjonale mål, og vil ha størst interesse som lokal treningshall, og som kamparena for lag i lågare divisjonar/aldersbestemte lag. Kretslag, 1. div. gutar, 4 div. og høgare vil ikkje legge kampar til ein treningshall.

Ein fullskala hall har ei større bruk- og rekkevidde med omsyn til trening- og kampverksemd for lag i øvre divisjonar. Klubben må vere merksam på at det er mange ting som må på plass for at hallen skal stå fram som ein attraktiv samlingsplass. Vi nemner klubben sin eigeninnsats for å skape aktivitet, bookingsystem, utstyr/mål/tribune/publikumsfasilitetar, videoplattformer, garderobar, varmerom/møterom osv. osv. I den kaldaste årstida er det også eit skilje om hallen kan varmest opp til ein minimumstemperatur, eller om det er rein kaldhall.

Ein slik hall kan også vere heimearena for Jølster i t.d. 4. divisjon og for andre lag i klubben. Det er likevel eit atterhald i om ein hall på Skei, sjølv om den er geografisk godt plassert, kan klare å skape nok utleigeaktivitet til at det blir lønsamt. Betre kunstgrasbaner, fleire kunstgrasbaner med undervarme og eit mildare klima gjer at fleire klubbar tenker kost/nytte.

Skilnaden i høve t.d Florø og Førde går på kvardagsaktiviteten og 12-14 timars bruk. Store barnekull sikrar aktivitet i hallen frå 0700 om morgonen-via skuleaktivitet- til fotballaktivitet til 2200 kvar dag. Det opnar for akademi, FFO, dagtilbod, fotballskular osv. Den kvardagsaktiviteten er mangelvare på Skei.

### **Potensiale**

Ein fullskala hall har pga geografisk plassering eit potensiale.

- a) Lokal aktivitet (trening, kampar, akademi, FFO, fotballskular m.meir)
- b) Turneringar og samlingar
- c) Treningskampar for eksterne lag
- d) Vinterturneringar
- e) Knutepunktkampar (nøytral bane)
- f) Kretskampar på nøytral bane
- g) Spelarutviklingstiltak, kursverksemd osv.

Spørsmålet er om god geografisk plassering er nok til å bygge ein så stor hall. Eigeninnsats, god klubbstruktur, drift, riktige leigekostnadar og gode fasilitetar er naudsynt for at hallen skal bli ein attraktiv brukshall. Det er lite truleg at slikt kan gjerast på dugnad, og slike kostnadar må leggst inn i driftskostnaden av hallen.

Den største utfordringa for Skei, er altså manglande basisaktivitet i høve eigen klubb. Klubben er middels stor, og ein stor del av aktiviteten er på Vassenden. Ut frå samtaler med Førde fotball, er det ikkje interesse for å busse spelarar til Skei, og bruk av hallen blir sporadisk.

Det blir såleis ei utfordring for den nye storkommunen at einaste storhallen i Sunnfjord pr. dags dato, blir liggande lengst øst i ei storkommune med lange reiseavstandar.

Sjølv om det ikkje er konkrete planar for storhall i Førde, så må både Førde kommune og Førde IL/Førde fotball tenke gjennom om ein interkommunal stønad kan redusere sjansen for at Førde får ein eigen hall. Førde, i lag med næraste klubbar har truleg Førde regionen minst 15 % av aktiviteten i Sogn og Fjordane, og ein sentralt plassert hall vil ha eit stort driftspotensiale.

### **Sluttord**

Sogn og Fjordane har totalt sett for få spesialhallar for fotball, og vi har sakka kraftig etter nabofylka siste åra. Det at regionplan for idrett, fysisk helse og friluftsliv opnar for stønad for fleire slike spesialhallar er positivt og bør vere ein fordel for nye gode prosjekt.

Ideelt sett skulle vi i dag hatt storhall i Florø og Førde, desse klubbane har så høg eigenaktivitet, og så stor skuleaktivitet at ein storhall vil ha stor bruksverdi. Vi ønskjer også ein storhall i

Nordfjord, t.d. Eid, men her har ikkje interessa vore tilstades pr. dags dato. Dei ønskjer heller ein treningshall i 50x70.

NFF Sogn og Fjordane kjenner i dag til at FSK har tankar om storhall, og at Arena Stryn, Gaular IL og Dale IL har tankar rundt treningshallar. Vi trur kanskje ein treningshall på Skei er meir tilpassa behov for klubb og skule. Ein slik hall er mindre i storleik, men har stor og allsidig bruksverdi til om lag halve prisen. Kanskje kunne den også vore lokalisert, slik at klubben si einaste kunstgrasbane ikkje blir øydelagt.

NFF Sogn og Fjordane ønskjer ikkje å øydelegge eit positivt og offensivt initiativ på Skei, men i kva grad vi kan støtte tiltaket heilhjarta har med finansiering, konsekvensar for klubb og konsekvensar for andre hallar med større brukspotensiale i Sunnfjord. Det er difor vår oppgåve å bruke vårt erfaringsgrunnlag som rådgjevande for politikarar og andre som skal ta endeleg avgjersle.

**Vennleg helsing styret**

**NFF Sogn og Fjordane**

**Svein Olav Myklebust**

Dagleg leiar

NFF Sogn og Fjordane

Kopi: Jon Asgaut Flesjå, Anne Vedvik, Arve Helle